

Verksemd: Osterøy kommune
 Avdeling(ar): Grunnskule
 Intern annonsetittel: Rektor ved Valestrand skule
 Referansenummer for annonsen:

Stillingsbeskriving

Namn på verksemda:	Osterøy kommune Valestrand skule	Søknadsfrist:	21.06.2023
Overskrift:	Rektor ved Valestrand skule	Tiltreding:	01.08.2023
Rekrutteringstittel:	Rektor	Arbeidsstad:	Valestrand
Annonsetekst:	Osterøy kommune har ledig 100% stilling som rektor på Valestrand skule.		

Er du varm, tydeleg og strukturert skuleleiar vil vi gjerne ha deg på laget!
 Valestrand skule ligg berre ein liten ferjetur frå Breistein i Åsane, og ligg berre ein kort spasertur frå ferjekaia. Skulen ligg nydeleg til med utsikt til Ole Bull sitt feriehus og mykje fin natur og turområde i nærleiken. Valestrand skule er ein 1.-7.skule som skuleåret 2022-23, har 215 elevar, og 30 tilsette. Skulen sitt leiarteam består av to avdelingsleiarar, rektor og SFO-leiar. Kommunen sin visjon for skule er «lærelyst og meistring for framtida» der skulen har tre kjernevevdiar engasjert, inkluderande og kreativ. Fagformyinga og Overordna del – verdiar og prinsipp for grunnopplæringa, ligg til grunn for dei 3 satsingsområda Osterøyskulen prioriterer: Trygt og godt skulemiljø med Olweusprogrammet som eit godt reiskap i arbeidet, lesing og LK 20 og framtidretta læring.

Kjenner du at dette treff **deg** er det **deg** vi ønskjer å kome i kontakt med! Har du spørsmål om stillinga er du velkomen til å ta kontakt med tenesteleiar for skule, Renate Macpherson.

Arbeidsoppgåver

- Leie verksemda og sikre utvikling og vekst i eigen organisasjon
- Syte for eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Leie utviklingsarbeidet ved skulen i tett samarbeid med avdelingsleiarane
- Fremme ein god arbeidskultur, eit godt læringsmiljø og bidra til eit lærande profesjonsfelleskap
- Bidra aktivt til god måloppnåing i høve til mål og føringar
- Økonomiansvar for eininga
- Samarbeid med føresette og faginstansar

Kvalifikasjonar

- Krav om godkjent pedagogisk utdanning, jf. Kap. 14 i Forskrift til opplæringslova
- Tilleggsutdanning innan leiing og/eller organisasjonsutvikling er ønskjeleg
- Relevant leiarerfaring, fortrinnsvis skuleleiing.
- Grunnleggande realkompetanse om offentlig forvaltning og om økonomistyring
- God relasjonskompetanse
- Kunne drive endringsarbeid og utvikling på ein involverande måte, i tråd med skulen og kommunen sine målsettingar

Personlege eigenskapar

- Elevsyn i tråd med overordna del i LK20.

- Brenn for elevane si læring og har eit hjarte for elevane våre
- Trivast med samarbeid som metode
- Er strukturert, effektiv, fleksibel, løysingsorientert og tydeleg når det er trong for det
- Toler å stå i utfordringar og har stor arbeidskapasitet
- Forstår kva det vil seie å leie, vise tillit, gje ansvar og følge opp
- Har erfaring som tydeleg klasseleiar og undervisning og har evne til å rettleie andre
- Er synleg i organisasjonen

Vi tilbyr

- Inkluderande og positive kollegaer
- Spanande og utfordrande oppgåver
- Får vere med å utvikle Osterøy-skulen i fellesskap med skuleleiinga i heile kommunen
- Rom for personleg utvikling
- Løn og arbeidsvilkår etter avtale
- Gode pensjons- og forsikringsvilkår, for tida plasserte hjå KLP

Publiseringskanalar

Rekrutteringskanal	Start	Slutt
Tilpassa kundekanal	04.06.2023	21.06.2023
Finn.no	04.06.2023	21.06.2023
Heimeside	04.06.2023	21.06.2023
NAV	09.06.2023	21.06.2023

Statistikk

	Totalt	Kvinner	Menn	Ukjent
Tal på søkerar	2	2	0	0
Kjønnsfordeling		100.00 %	0	0
Snittalder	59.00	59.00	0	0

Sist oppdatert: 5. juli 2023 13:59

Kandidatar 1

Namn	Alder	Kjønn	Bustadkommune	Noverande stilling	Res
Siv Grete Grete Stamnes	60	Kvinne	Halden	Rektor	Nei

Kandidatar 2

Namn	Alder	Kjønn	Bustadkommune	Noverande stilling	Res
Britt Rød	58	Kvinne	Osterøy	Rektor	Nei